



Statens vegvesen

Multiconsult ASA – Bergen
Nesttunbrekka 99
5221 NESTTUN

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Region vest Marianne Skulstad / 55516253 17/226872-2 10200755-1 29.01.2018

Merknad til planprogram og oppstart av arbeid med områdereguleringsplan for Langelandskogen og delar av Frekhaug nord, Meland kommune

Vi viser til melding om oppstart av planarbeid for Langelandsskogen og delar av Frekhaug nord, samt høyring av planprogram for arbeidet.

Frist for merknad er sett til 30.01.2018

Om planarbeidet

Områdeplanen skal legge til rette for utvikling av Langelandsskogen og Frekhaug nord, med service- og tenesteytande funksjonar, bustader, næring og grønstruktur. Fylgjande byggeformål skal vurderast i områdeplanen: Ungdomsskule/symjehall, barnehage, omsorgsbustader, bustader, næring/kontor, kyrkje/kulturhus. Planprogrammet seier ikkje noka om omfang av utbygging til dei ulike formåla.

Delmål i planarbeidet er mellom anna å prioritera gode gang- og sykkelstrukturar, samt å etablera ein bustads- og infrastruktur som gir best mogleg vilkår for folkehelse.

Store delar av planområdet (184 daa) er sett av som utbyggingsområde i kommuneplanens arealdel, med føremål bustad og tenesteyting, medan delar av arealet er sett av til LNFR. Det skal utgreiast 2 ulike alternativ.

Vår rolle

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs fylkesvegane, og innverknad på vegtrafikken. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretakne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Statens vegvesen bed generelt om at følgjande tema blir tekne omsyn til i reguleringsprosessar:

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg (kryss, avkøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.)
- Byggegrenser til fylkesveg
- Vegtrafikkstøy
- Vegtekniske teikningar må inngå i plandokumenta dersom planen føreset endring av fylkesveganlegget

Planavgrensing og tilpassing til pågående planarbeid

Varsla planområde er 322 dekar stort, og ligg nord og nordvest for Frekhaug sentrum. Det strekk seg frå Sagstadvegen i sør til Fossesjøen i nord. Plangrensen for områdeplanen overlapper delvis med to pågående planarbeid hos Statens vegvesen, begge tilknytta Nordhordlandspakken:

- Fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av fv. 244
- Fv. 245 Fosse - Moldekleiv

Endeleg skilje mellom plangrensene for dei to reguleringsplanane vil avklarast mellom partane underveis i planarbeidet.

I Frekhaug-området vert det gjort ein samla vurdering av kopling mellom fv. 564 og fv. 244, trygge aksar for mjuke trafikantar og kollektivløysing ved Frekhaug sentrum, vurdert mot ny terminal som vert planlagd på Flatøy.

Områdeplanen for Langelandsskogen må ta omsyn til og gjere tilpassingar til vegsystemet som vert planlagd i dei pågående planarbeida for fv. 564, fv. 244 og fv. 245. Det vil difor vere naudsynt med fortsatt godt samarbeid om planløysingar, og vurdering av riktig avgrensing mellom planarbeida.

Det må pårekna at areal til rigg- og anleggsverksemnd ved bygging av fylkesveganlegget vil legge mellombels beslag på delar av arealet i plan for Langelandsskogen.

Vi vil elles gjere merksam på at Hordaland fylkeskommune planlegg å gjere arkeologiske registreringar ved Frekhaug sentrum våren 2018, inkludert i sørvestlege delar av Langelandsskogen.

Tilkomst til planområdet

Hovudtilkomst til planområdet bør vere frå fv. 244 Sagstadvegen, nær kryss med fv. 564 Rosslandsvegen. Det kan i tillegg vurderast tilkomst frå kommunal veg Fosse (via fv. 245 Ådlandsvegen). Det bør vere gjennomgåande tilbod for gåande og syklande gjennom heile planområdet.

Tema som skal utgreiaast

Kapittel 8.2 i planprogrammet omhandlar kva tema som skal greiaast ut i planarbeidet. Statens vegvesen er nøgd med at kommunen vil greie ut mellom anna universell utforming, støy, trafikk- og transportbehov og energi og klima.

Statens vegvesen meiner at ein trafikkanalyse for dei ulike alternativa vil vere nyttig når tema trafikk- og transportbehov skal greiaast ut. Ei trafikkanalyse gir grunnlag for å forstå planforslagets verknader på vegnett og for vegtransport. Utgreiinga skal synliggjøre verknader på trafikantars trafikktryggleik, trafikkmønster, transportmiddelbruk, miljø, natur og klima/samfunnssikkerhet. Del av desse utgreiingane vil være støyutgreiing, vurdering eller berekning av luftkvalitet og eventuell kartlegging av flaum- og skredfare. ROS-analysen skal beskrive avbøtande tiltak.

Mobilitet og akseptabel gangavstand

Statens vegvesen ser positivt på at Meland kommune vil vektlegge løysingar som gjer det attraktivt å gå, sykle og bruke kollektivtransport, og som reduserer behov for bruk av privatbil. Dette er i tråd med nullvekstmålet for personbiltrafikken i byområda. I samband med dette må ein i planarbeidet gjere reie for korleis utbygginga byggjer opp om nullvekstmålet, mellom anna gjennom grad av utnytting og tilrettelegging av infrastruktur. Etter vårt syn bør dette innarbeidast i planprogrammet.

I kapittel *4.12 Kommunikasjon* i planprogrammet står det oppgitt ein akseptabel gangavstand på 500 meter for vaksne (illustrasjonen visar 600 meter) og 300 meter for born. Etter vårt syn er dette svært lite om ein skal legge til rette for gange som transportform. Vi viser til at i den nasjonale reisevaneundersøkinga 2013/14, er gjennomsnittleg lengde på reiser til fots 2,2 km, og 79 prosent av alle reiser under 500 meter går til fots. I *Regional plan for attraktive senter i Hordaland* står følgjande: «I tettstaden rundt eit senter blir gåavstand gjerne rekna som 1 km og sykkelavstand som 5 km.» På grunnlag av dette meiner vi at Meland kommune bør legge til grunn ein vesentleg lenger gangavstand enn omtalt i planprogrammet.

Når ein skal etablere attraktive løysingar for syklistar er det viktig å ha trygg og tørr sykkelparkering nær ulike servicefunksjoner og målpunkt. Dette bør inn i føresegnehene til planen, og ein bør talfeste eit minimumstal som syner kommunens målsetning om fleire syklande.

Trygg veg til skule og idrettsanlegg

Når det blir etablert nye bustadområder må ein sikre trygg skuleveg langs den naturlege gangtrasèen til nærmeste barneskule, i dette tilfellet Sagstad skule. For Langelandsskogen er den naturlege gangaksen til Sagstad skule langs fv. 244, der Statens vegvesen no utarbeider detaljreguleringsplan som inkluderer tilbod til gåande og syklande. Det er førebels inga finansiering til gjennomføring av dette tiltaket.

I plan for Langelandsskogen må det settast krav om rekkefølgje, slik at skulevegen er ferdig bygd før det vert gitt løyve til igangsetting av bustadbygging.

Kryssing av fylkesveg 564

I føresegn § 1.4.6 i kommuneplanens arealdel står det: «Langs hovudvegen FV 564 skal kryssing av gang- og sykkeltrafikk i utgangspunktet skje planfritt.»

Statens vegvesen er kjent med at Meland kommune ønskjer å ha kryssing i plan i sentrale områder i Frekhaug. Vi vurderer at dette kan tillates i området som ligg nær opp til rundkøyringa som vert panlagd. Her vil fartsnivået vere lågt. Ved kryssing av fv. 564 lenger nord/aust må kryssinga utformast planskilt.

Byggegrenser langs veg

Fylkesveg 564 Rosslandsvegen har halldningsklasse 2 i *Rammeplan for avkøyrsler og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest*. I slike områder legg vi normalt til grunn ei byggegrense på 50 meter frå vegens midtlinje. Etter ei konkret vurdering ber vi om at byggegrensa vert sett til 30 meter i områdeplanen.

Dersom ein i områdeplanen legg til rette for aktivitet og målpunkt som vendar seg mot fv. 564, bør ein vurdere trong for fortau på nordsida av fylkesvegen.

Vidare samarbeid

Statens vegvesen meiner at planprogrammet er eit godt utgangspunkt for planarbeidet for Langelandsskogen. Vi ber om at det vert gjort nokre mindre endringar, som stør opp under kommunens ambisjonar for planarbeidet.

Vi ser fram til eit godt samarbeid vidare om plansakene i området.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG